

## BALESTRAND RV

### Nokre punkt for kommunevalet 1991

*"Den var vår denne jord, og me fekk den til eige og arv..."*

Dersom ein reknar heile den tidsepoken det har levd menneske på jordi som eitt døgn, tilsvarer etterkrigstidi dei to siste tidels sekundi.

På denne korte tidi har menneski gjort meir for å øydeleggja miljøet og livsgrunnlaget sitt enn på heile døgnet føreåt.

Så "suverene" er dei politiske systemi menneski til no har utvikla - både i aust og i vest...

*"Å leva det er som havet, å spegla ein himmel av..."*

Balestrand RV ynskjer eit desentralisert samfunn som set naturen si bereevne og menneskelege behov i staden for kortsiktig økonomisk vinning.

Ein kan kalla det ekte sosialisme, øko-samfunn, økologisk demokrati... Det viktigaste er ikkje namnet, men at alle som reagerer på at utviklingi går den galne vegen, samlar seg, stretar imot og drøftar alternative utviklingsvegar.

Det er det Balestrand RV er til for - og det er difor RV-lista i Balestrand er komen i stand.

Velkomen med!

## *"Det er flest kvardagar..."*

Balestrand er ein god stad å bu, men det skortar på arbeid som kan gje fleire "det daglege brød".

Kommunale tenester kan og gjerast betre.

Tiltaksarbeidet og næringspolitikken må vekk frå einsidig satsing på gigantprosjekt innan reiselivet, som gjev minimalt med arbeidsplassar.

Nei til bruk av kommunale midlar til Vikingsentret!

Bruken av kommunale midlar til Balestrand Vekst må vurderast i forhold til resultat. Modellen med kommunalt/privat tiltaksapparat må evaluerast opp mot andre modeller.

Stimulering av eksisterande lokale verksemder, betre støtte til nyetablering innan handverk o.l. og offensiv satsing på nye produksjonsverksemder, basert på lokalt råstoff.

Omstillingsmidlane frå staten (HVPU-reform) må berre nyttast til nye, varige arbeidsplassar!

Utvida bruk av stipend og støtteordningar, for å sikra jobbkvalifisering og fast tilsetjing

- utdanningsløn
- høgare byrjarløn

Kommunale gjennomgangsbustader!

Kommunal jordmorteneste!

Samordning av den opne omsorgi for funksjonshemma, gamle og sjuke.

Aldersbustader i krinsane integrert i eksisterande busetnad.

Stillingsauke ved Helsetunet, som fylgje av tilrettelegging for småeiningar.

Barnehageutbyggingi må styrast etter faglege prinsipp.

Eigenbetaling for skulefritidsordningi, musikkskulen og idrettsskulen blir for høg til å gje eit likeverdig tilbod.

Lær av Flora-prosjektet:

- vekk med sektortenkning; organiser på tvers!
- skuleelevar som ekstraressurs overfor hjelpetrengjande gamle og funksjonshemma (Praktisk, sosialt og kulturelt arbeid)
- eldre som ressurs i ungdomsklubb, skule og barnehage
- o.s.b.

Offentleg badeplass sentralt inn på 1992-budsjettet!

Symjebasseng for bygdafolk, elevar, rekonvalesentar og turistar nedanfor Balestrand Pensjonat må greiast ut.

Folkemøte om viktige saker!



## *"Jordi er berre til låns frå etterkomarane våre..."*

Me må innsjå Alvoret og ta ansvar for framtid og komande generasjonar - og me må starta lokalt!

Ingi utbygging av Sværefjordvassdraget!  
- meir satsing på ENØK-tiltak!

Sterkare satsing for å utvikla bygdane og skapa ei framtid for ungdommen her.

Større vekt på jord- og hagebruk, for å halda i hevd dyrka jord og for å oppretthalda spreidd busetnad.

Forsøksprosjekt med økologisk jord- og hagebruk.

Meir allsidig frukt- og bærproduksjon, lokal vidareføring og alternative omsetningskanalar.

Avfallsmengdi må reduserast!

- komposteringsanlegg i kommunen; organisk avfall er ein ressurs som bør tilbake til jordi og ikkje transporterast milevis for brenning og dumping
- kjeldesortering for papir, glas, metall og plast.

Eit utvida og meir trafiksikkert sentrum!

- 30 km-sone i heile Holmen
- småbåthamni t.d. til Storesva
- forlenging av grøntarealet inn til gamle meieriet
- gjestehamn utanfor grøntarealet
- nei til bru over Esefjorden!
- gatelys frå Skåsheimselvi til Ese
- fartshindring i bustadfelti (gatetun, fartsdumpar...)

Dersom Holmamyrane skal nyttast til utbygging, må det leggjast til rette for folk og bustader og ikkje for oppstillingsplass for bussar.

Fullføring av turløype Kreklingen - Granlia!

## *"Tradisjonar, røter og eigenart..."*

I ei tid med sterk kulturell påverking gjennom TV, presse og video, er det viktig å vera trygg på og stolt over sin eigen kulturelle identitet.

Me må halda i hevd og utvikla vår lokale eigenart, som t.d. husflid, mattradisjonar, handverk, musikk og song, fjordkultur, stølstradisjonar o.s.b. og ikkje berre marknadsføra amerikansk joggekultur som vår livsstil.

Sterkere kommunalt engasjement med omsyn til vern av kulturlandskapet!

Det må vedtakast verneplan for eldre hus og tun og utarbeidast retningslinjer og rådgjevingsteneste for arkitektonisk tilpassing av nybygg.

Varig vern av særmerkte bumiljø som t.d. Munken!

Eldre må i større grad spørjast og trekkjast inn i formidling av tradisjon.

Bustadbyggingi må fremja kontakten mellom generasjonane og ikkje utvikla "aldersghettoar"!



## **Bruk RV-lista!**

RV stiller kommuneliste for fyrste gong i Balestrand. Det trengst 40 - 50 stemmer for å nå det fyrste mandatet, noko som berre inneber godt og vel dobling av røystetalet frå fylkestingsval dei siste åri. Dette er fullt realistisk!

Kommuneval er langt på veg eit personval. Ynskjer du folk på RV-lista inn i kommunestyret, så nytt denne lista! Å føra folk frå RV-lista over til andre lister, gjev ikkje listestemmer. Stryk heller på RV-lista og før opp folk frå andre lister som er sikra representantar.

Dersom du har sans for punkti i programmet og ynskjer endring i det tradisjonelle politiske biletet i komande fireårsperiode, har me ein viktig ting felles...

**G o d t v a l !**

Helsing frå

Åge Eitungjerde  
Britt Kvam  
Mary Ann Menes  
Reidar Geithus  
Eli-Grete Høyvik  
Arnold Goksøyr  
Marianne Åm  
Svein Johannessen  
Magni Jensen  
Astrid Høyvik  
Geir S. Hjetland